

Ein fattig Gud

Julenatta kjem Gud liten og sårbar. Han søker kjærleiken på jorda.

Finst det nok kjærleik for han her?

Det gjer det. For Maria og Josef tek imot han med stor glede, og dei gjev den vesle guten alt han treng av omsut og kjærleik.

Det er utruleg at Gud kjem slik. Det er heilt annleis enn vi tenkjer.

Han er som oss. Han må ha kjærleik for å leve.

Langfredag var det ikkje meir kjærleik for han. Men han slutta ikkje å elska. Kjærleiken hans til oss menneska vart for sterk. Jesus elska til og med dei som var fiendane hans. Han vart krossfest fordi han elska for mykje og for sterkt.

«Eit lite barn voks opp til mann og sa han var Gud. Han levde slik som andre han, og såg heilt vanleg ut» syng Edvard Hoem i sin vakre salme som godt kan vere ei julesalme, men òg ein salme som ropar på rettferd mellom menneska. Det heilage var gøymt i det alminnelige. Slik må vi leite etter det heilage i det alminnelige. Også når vi står ansikt til ansikt med et medmenneske.

«Den heilage familien» møtte tidleg kampen for tilveret. Få dagar etter at Jesus var fødd, vart dei flyktningar. I all hast måtte dei bryte opp frå Betlehem og flykta til Egypt. Kong Herodes stod guten etter livet.

Men Jesus var ikkje komen for å søkje makt på jorda. Han var her for å leve ut kjærleiken i møte med oss medmenneske. For det er den sterkaste og djupaste makta i livet og tilveret., - ein kjærleik som er tolmodig og velvillig, ein kjærleik som ikkje misunner, ikkje skryt, ikkje krenkjer, ikkje er oppfarande, ikkje søker sitt eige. Ein kjærleik som gjev seg sjølv for andre.

Då Guds Son vart menneske, fekk vi eit medmenneske i Gud, som på eigen kropp har erfart kva det vil seie å vere menneske. Han vart flyktningeguten, - den heimlause mannen. Gud vart ein fattig på jorda. Utruleg at han valde å gjera det slik? Lidingane til flyktningane i Syria og Irak har gripe oss sterkt i år. Kva med dei? Gud gjer våre liv til sitt eige liv. Det er løyndomen. Han sa; « Eg var svolten, og de gav meg mat. Eg var tørst, og de ga meg drikke. Eg var framand og de tok i mot meg. Eg var i fengsel, og de vitja meg.- Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg». Gjennom oss strekkjer Gud hendene sine ut mot den som lir, og gjer oss til medmenneske for den som har det vondt og vantar noko.

Gud ser heilt vanleg ut her på jorda. Jesus går mellom oss, - er saman med oss. Vi veit ikkje at det er han. Han gøymer seg bak vårt medmenneske. Men når vi treng eit medmenneske, - og

det uventa kjem oss i møtes, då merkar vi at han er der.. Det er ein slik Gud vi ventar på julenatt.

1. Eit lite barn voks opp til mann
og sa at han var Gud.
Han levde slik som andre, han,
og såg heilt vanleg ut.
Hans rike låg langt borte frå
all sorg og vondskap i vår verd,
og enda bed han oss forstå
at det er inni oss det er.
2. Han sa: Ein fattig går forbi,
og det er meg du ser.
Men vi ser millionar, vi,
i svoltens store hær.
Og når vi veit kva vi har gjort
mot alle desse dine små,
forstår du at vi snur oss bort
ifrå den Gud vi skulle sjå.
3. Men er det sant at dei som bur
i svolten kring vår jord,
er Gud som menneske, da trur
vi òg at du er stor.
Når svoltens hær frå land til land
bryt opp og krev ei anna verd,
vil vi forstå med vår forstand
kva for ein mektig Gud du er.

Tekst: Edvard Hoem. Melodi: Henning Sommerro (Norsk salmebok, 2013 nr. 740)